

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/3337-1

Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsrapport 2013

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet med Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2013 til vitande.

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet til å gjere slikt samtidig vedtak:

Som saksordfører vert valt ...

Vedlegg:

Årsrapport 2013 Regionalt forskingsfond Vestlandet.

SAKSFRAMSTILLING

I Kunnskapsdepartementet sine «Retningslinjer for regionale forskingsfond» står det at styra for dei regionale forskingsfonda skal utarbeide ein årsrapport om verksemda. Rapporten skal sendast Kunnskapsdepartementet og vertsfylkeskommunen for fonda. For Regionalt forskingsfond Vestlandet er det Hordaland fylkeskommune som er vertsfylkeskommune.

I dei tre fylkeskommunane si felles bestilling til fondsstyret for Regionalt forskingsfond Vestlandet frå 2009, står det at årsrapporten skal leggjast fram for fylkestinga. Fylkestinga skal leggja årsrapporten til grunn for eventuelle supplerande føringar til fondet. Fylkeskommunane vedtok i 2012 ei ny felles bestilling med føringar for fondet, for perioden 2013-15.

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet drøfta årsrapporten i møte 21. januar 2014. Årsrapporten er seinare vedteken etter ein e-postrunde og i samråd med styreleiar.